



Norconsult AS/v Ragne Rommetveit.  
Postboks 1199  
5811 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1661 - 14/27832

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
15.12.2014

## Førebels svar på søknad om deling - Apalen sør del av gbnr 202/1.

Syner til søknad frå dykk datert 02.12.2014. De søker om løyve til å dele frå parsellar til bustadar i samsvar med reguleringsplan for Apalen sør. De syner til at reguleringsplanen med plan-id 1263-200809 var sett opp til 2.gongs handsaming i Plan- og miljøutvalet sitt møte 10.12.2014.

I møtet vart planen godkjend slik den låg føre, planen må likevel godkjennast av kommunestyret før den kan takast i bruk.

Kommunen vil og syne til føresegnene som gjeld for planen. I føresegnene pkt.1.3.2 heiter det mellom anna: Veg skal opparbeidast.... fram til tomta som skal byggjast ut før det vert gjeve løyve til frådeling.

Dersom ein skal vere tru mot føresegnene, kan det ikkje gjevast løyve til deling av tomtene før veg er ført fram til den tomta det er aktuelt å dele frå, eller veg er klart i heile feltet når det vert søkt deling av alle tomtene, slik som i den søknaden de no har sendt inn.

Saka vert sett på vent hjå kommunen, dersom de ikkje kjem med melding om at saka førebels er trekt attende.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*





**Mottakarar:**

Norconsult AS/v Ragne Rommetveit. Postboks 1199 5811

BERGEN